



Sjå mottakarliste

Dato: 21.09.2015

Vår ref.: 2015/9611-1

Saksbehandlar: annvedv

Dykkar ref.:

Høyring - revidert drosjereglement for Bergen køyreområde

Innføring av eige drosjereglement for Bergen køyreområde vart vedteke av fylkesutvalet 18.11.2009. Etter dette har ein gjort mindre endringar i drosjereglementet i samband med den årlege drosjeevalueringa.

Samferdselsavdelinga ser no behov for ei meir heilskapleg revidering av drosjereglementet og oversender med dette eit høyringsutkast.

Bakgrunn

Drosjemarknaden har endra seg sidan dagens reglementet vart innført. På den eine sida kan ein nemna at talet på sentralar i Bergen køyreområde har auka til 6, det har vorte fleire aktørar i næringa og det er utfordringar knytt til språk og kultur. På den andre sida ser ein at etterspurnad etter drosjetenester går ned og offentlege transportoppdrag er anbodsutsette. Samstundes gjer ny teknologi det lettare for dei som driv ulovleg persontransport mot vederlag. Drosjenæringa er under press.

Næringsa er mindre gjennomsiktig en tidlegare og ein ser at nye problemstillingar og kreative løysingar i høve til gjeldande regelverk oppstår. Det er derfor trong for tydelegare presisering av regelverk og praksis og konkretisering av pliktar for sentralar og løyvehavarar. Vidare er det trong for justeringar for å sikra ein meir balansert konkurranse mellom sentralane og leggja til rette for fleire konkurransedyktige sentralar.

I 2014 sette samferdselsavdelinga i gang ei omfattande revidering av drosjereglementet for Bergen køyreområde etter mal av den nye drosjeforskrifta for Oslo kommune, men med lokale tilpassingar. Første utkast vart sendt på høyring til sentralane i køyreområdet hausten 2014. På bakgrunn av høyringssvara vart eit nytt utkast presentert og drøfta munnleg med sentralane i eit samarbeidsmøte våren 2015.

Avsluttande høyring

Vedlagt fylgjer nytt utkast til revidert drosjereglement for Bergen køyreområde. Som saksopplysing og samanlikningsgrunnlag ligg gjeldande drosjereglement ved.

Dei største endringane i revideringsutkastet relaterer seg til vilkår og drift av drosjesentral og innføring av sanksjonsmoglegheit mot sentralar (sjå del 2), rapportering (sjå pkt. 2.11 og 3.5), bruk av reserveløye (sjå pkt. 2.5 og 4.3) og endring av makstal på løyve i ein sentral (sjå pkt. 2.4). Ein gjer merksam på at reduksjon i makstal i ein sentral vil skje gjennom naturleg avgang/inndelevering av løyve og såleis kan ta fleire år.

Etter denne høyringa vil ein utarbeida og fremja sak for politisk handsaming. Av omsyn til den vidare saksbehandlinga er høyringsfristen denne gongen kort, og er sett til **31. oktober 2015**.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: 1) Gjeldande drosjereglement for Bergen köyreområde
 2) Utkast til revidert drosjereglement for Bergen köyreområde

Mottakarliste:

Askøy kommune v/ordføraren – postmottak@askoy.kommune.no

Bergen kommune v/ordføraren – postmottak@bergen.kommune.no

Fjell kommune v/ordføraren – postmottak@fjell.kommune.no

Sund kommune v/ordføraren – postmottak@sund.kommune.no

A-Taxi AS – post@a-taxi.no

Bergen Taxi AS – jan.valeur@bergentaxi.no

Bryggen Taxi SA – ledelse@bryggentaxi.no

Christiania Taxi Bergen AS – hasnat@02365.no

Norgestaxi Bergen AS – bergen@norgestaxi.no

Taxi 1 AS – ledelse@taxi1.no

Norges Taxiforbund avd. Bergen – arve.halvorsen@bergentaxi.no

Norges Taxiforbund avd. Hordaland – toanhaug@bkkfiber.no